

Forskrift om skulefritidsordninga, Vang kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Hovudutval for levekår (dato.....) med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§ 1. Eigarforhold

Vang kommune er eigar av skulefritidsordninga (SFO) ved Vang barne- og ungdomsskule med heimel i Opplæringslova § 4-5. Hovudutval for levekår har fått delegert ansvar for forvaltning og tilsyn av drifta.

§ 2. Formål og innhald

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod for alle barn på 1.-4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 5.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi alle barna gode utviklingsvilkår. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag og innhald skal vere i tråd med «forskrift om rammeplan for skolefritidsordningen» og lokal årsplan for SFO.

§ 3. Opptaksmyndigheit

Hovudutval for levekår er ansvarleg for opptak etter tilråding frå kommunalsjef og skuleleiing.

§ 4. Opptakskriterium

Barn i 1.- 4. klasse og barn med særskilte behov i 5.-7. klasse i grunnskulen i Vang kan få SFO-plass.

Det må vere minimum 4 barn som har søkt ved opptaket for at det blir satt i gang eit SFO-tilbod.

Dersom SFO-opptaket må avgrensast skal følgjande kriterium gi barn prioritet for SFO-plass i hovudopptaket:

- Tilråding av SFO-plass frå sakkunnig instans som t.d. barnevern eller PPT.
- Søknad er sendt innan søknadsfrist ved hovudopptak.
- Barn kan få plass etter påmeldingsfristen eller gjennom skuleåret. Inntaket vil da, under elles like vilkår, prioriterast etter søknadsdato.

§ 5. Opptaksperiode, oppseiing og endring

SFO i skuleåret:

Søknadsfrist for hovudopptaket til SFO-plass i skuleåret er i april, og blir nærare kunngjort på kommune si heimeside. Skuleadministrativt system skal nyttast ved innsøking.

Hovudopptaket i SFO gjeld for eit skuleår av gongen.

Det er høve til å få opphald enkeltdagar. SFO vurderer i kvart tilfelle om dei har kapasitet.

SFO i skulen sin ferie:

Opptak til SFO i skuleferien blir gjort kjent for foreldre 1-2 månad før aktuell ferie.

Opptak i SFO i skuleferien gjeld for heile veker eller for gratisplass i tråd med nasjonale reglar om foreldrebetaling.

Oppseiing

Oppseiing av SFO-plass i skuleåret skal vere skriftleg til SFO eller kommunen seinast 14 dagar før barnet skal takast ut.

Ved oppseiing av SFO-plass i ferie, blir plassen fakturert uavhengig av bruk.

§ 6. Foreldrebetaling

Satsar for SFO-plass blir årleg fastsett av kommunestyret i samband med årsbudsjettet.

Det er følgande plass-kategoriar for foreldrebetaling for SFO i skuleåret:

- SFO-plass i skuleåret, morgon
- SFO-plass i skuleåret, ettermiddag
- SFO-plass i skuleåret, både morgon og ettermiddag
- SFO-enkeltdag i skuleåret

Det er følgande plass-kategoriar for foreldrebetaling for SFO i skuleferie:

- SFO-plass i ferieveker
- SFO-plass i ferieveke, med fråtrekk av nasjonale moderasjonar

Det blir uavhengig av vedtekne kommunale SFO-satsar, gitt tilbod om gratis SFO-plass, både i skuleåret og i feriar, i tråd med nasjonale reglar.

Kommunen følgjer gjeldande nasjonale reglar for foreldrebetaling og informerer om dei på kommunen si heimeside.

Det blir det kravd eit gebyr pr. oppstarta nytt kvarter ved for sein henting.

Kommunen kan krevje foreldrebetaling for mat på SFO. Informasjon til foreldre blir gitt ved endring.

Søskenmoderasjon

- Det blir gitt 30 % søskenmoderasjon for det andre barnet.
- Det blir gitt 50 % søskenmoderasjon for det tredje og fleire barn.

Søskenmoderasjon blir gitt til den/dei dyraste SFO-plassen/plassane.

Betalingsfritak

Dersom eit barn har vore borte 2 veker eller meir p.g.a. sjukdom eller andre særskilde grunnar, kan føresette søke om fritak for betaling. Ferie vil til vanleg ikkje frita for betaling. Betalingsfritak blir vurdert og eventuelt innvilga av kommunalsjefen.

§ 7. Leike- og opphaldsareal

SFO held til i lokale på Vang barne- og ungdomsskule. Hovudbase for SFO avklarast kvart halvår.

Alt. 1:

Hovudbase inne: SFO-rom + klasserom, ca. 106 m². Foajé og samfunnshuskjøkken nyttast i samband med måltid.

Alt.2:

Hovudbase inne: Spegelsal og leikerom ved kulturavdeling i 2. etasje. Foajé og samfunnshuskjøkken nyttast i samband med måltid.

SFO kan også nytte fleirbrukshall, bibliotek, symjehall eller andre spesialrom etter avtale med rektor.

Uteområde: SFO kan nytte VBU sitt uteområde med omkringliggende tilretteleggingar (ca. 3,5 mål).

Bruksarealet for SFO skal vere i tråd med «forskrift om helse og miljø i skoler, barnehager og skolefritidsordningar.»

§ 8. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

SFO-tilbodet i skuleåret: måndag – fredag frå kl. 07.15 fram til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30.

SFO-tilbodet i skuleferien:

Opningstid: måndag – fredag kl. 08.00 – 16.00.

- I sommarferie: 2 veker i juni, etter skuleslutt og 1 veke i august.
- 1 veke i haustferie (veke 41).
- 1 veke i vinterferie (veke 9 eller veke 8).

Det er ikkje SFO-tilbod på planleggingsdagar.

§ 9. Personale og leing

Rektor ved skulen er leiar for SFO, jf. opplæringslova § 4-5 tredje ledd. Rektor kan delegere oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av SFO.

Retningsgivande bemanningsnorm er ein assistent for 12 barn. Det må til ei kvar tid vere forsvarleg bemanning ved SFO-tilbodet.

Alt personale har teieplikt etter § 13 i forvaltningslova.

§ 10. Forsikring

Kommunen teiknar ansvars- og ulykkesforsikring som gjeld for den tida barna er i skulefritidsordninga.

§ 11. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft straks.